ÅRSMELDING SIRDAL BYGDEKVINNELAG 2026

Det er 50 medlem i Sirdal bygdekvinnelag 01.10.26, noko som er ein nedgang frå 2025.

Styret 2026:	Leiar:	Ulla Markussen	på val
	Nestleiar:	Bjørg Anny Klungland Tjørhom	ikkje på val (eitt år att)
	Skrivar:	Åse-Berit Fidjeland	ikkje på val (eitt år att)
	Kasserar:	Monica Ovedal	på val
	Styremedlem:	Arna Reidun Sinnes	på val
	1. vara:	Åse Skreå Åsemoen	på val
	2. vara:	Marit Auset	på val
	Valkomité:	Tone Østtveit Kvinen og Siri Elisabeth Skagestad	
	Revisor:	Mona Ousdal (på val)	

Elles er Åse-Berit Fidjeland nestleiar og skrivar i distriktsstyret i Rogaland bygdekvinnelag og Solveig Marie Ådneram er andre varamedlem i Noregs bygdekvinnelag.

AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT:
Det har vore sju (7) styremøte dette året, og styret har sett opp årsplan etter idedugnad for alle medlem i januar 2026. Sidan det er totalberedskapsåret i år, hadde me planlagt hermetisering av kjøtt(kaker), men dessverre melde ingen seg på. Heller ikkje hermetisering av frukt, bær og grønsaker vart gjennomført.

3. desember 2025:	Julemiddag på Tonstadli saman med Sirdal bondelag og Sirdal sau og geit med rundt 85 deltakarar
15. desember 2025:	Persesyltekveld på Grendehuset med elleve (11) deltakarar
Desember 2025:	Peparkakebygdene på Sirdal folkebibliotek og Sinnes filial med høvesvis ti (10) og fem (5) byggverk
13. januar 2026:	Medlemsmøte med idedugnad til aktivitetar i 2026 (12 deltakarar)
10. februar 2026:	Medlemstur til "Under Tøyet" i Egersund der ni (9) damer var med og me tok ein matbit på Kings and Queens etterpå
21. mars 2026:	Venners venner fest m/Love Guns og 103 deltakarar
13.-15. mars 2026:	Distriktsårsmøte i Suldal og på Energihotellet der Monica Ovedal og Inger Marie Rokstad deltok frå styret, Åse-Berit Fidjeland møtte for RBK og Solveig Marie Ådneram var ordstyrar
14. juni 2026:	Besøk frå Valle bygdekvinnelag med elleve (11) damer og Magnar Undheim som fortalde om Jøren-huset og sterke damer
11. mai 2026:	Bli kjent-tur på Tonstad og Smihedlar med åtte (8) deltakarar
23. mai 2026:	Hageblueskonsert med Joe Rusi og femti (50) tilhøyrarar
2. juni 2026:	Sonemøte på Helleland for rundt førti bygdekvinner, derav åtte (8) frå Sirdal BK, med m.a. "Han innante"/Torolf Nedrebø, Christiane Krahner og utlodning
8. juni 2026:	Bli kjent-tur på Kvæven og Deg med femten (15) deltakarar
22. juni 2026:	Bli kjent-tur frå Ålevika til Feed med åtte (8) deltakarar
17. august 2026:	Bli kjent-tur på Virak med ni (9) deltakarar
24. august 2026:	Soppkurs frå Monan til Nistebu med ti (10) deltakarar
7. oktober 2026:	Besøk til Valle bygdekvinnelag og grautfest for fem (5) bygdekvinner
20. oktober 2026:	Årsmøte Tonstadli ferie- og konferansesenter, Tonstad

Lesesirkelen møtest framleis på biblioteket på Sinnes skule kvar siste måndag i månaden for åtte medlem. Det går på omgang med forslag til bok og litt bita i, men alle er med på diskusjonane om bøkene.

Komande aktivitetar:

14. november:	Bygdekvinnetreff med Rogaland bygdekvinnelag på Nærbø
November/desember:	Peparkakebygdene på biblioteka i Sirdal
November:	Dørkrans
9. desember:	Persesyltekveld på Tjørhom grendehus

Sosiale medium

Sirdal bygdekvinnelag har ei ope Facebook-side, og det er òg ei lukka gruppe for medlem i Sirdal bygdekvinnelag der intern informasjon og påmeldingar til arrangement blir delt. Det blir sendt ut informasjon om medlemsmøte og aktivitetar på e-post til alle medlem, og på lokallaget si nettside blir det lagt ut informasjon om arrangement og ei oppsummering etter gjennomføring.

Medlemsregister:

Norges bygdekvinnelag har fått nytt medlemsregister, og det vart sendt ut ei påminning i september til dei som kan ha gløymt å betala. For 2027 er kontingenten 835,- og kr. 418,- om ein er under 40 år. Då får ein vera med på lokale medlemsmøte og -kurs til rabatterte prisar, kan nytta hjelpetelefonar via NBK, Agrol fordelsprogram og medlemsfordeler i Landkreditt.

Fidjeland, 6. oktober 2026

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)